

# Utviklingsprogrammet for byregioner – Fase 2: Rapportering pr. 15.02.2016

## Tokke – Attraktiv nærings- og kompetansestruktur

### Beskrive eventuelle organisatoriske endringer i forhold til prosjektplanen

Prosjektet har endring i organiseringa. Kort kan ein sett dette opp slik: Leiinga i prosjektet er som opphavelag planlagt, og dei øvrige aktørane som tidlegare var sett opp i prosjektgruppe, er nå deltakerar i arbeidsgruppene.

Se vedlegg

### Evt. presisering av mål for prosjektet

Det er ingen endringar av målsettinga som er presisert slik:

- Utvikle sterke regionale "motorar" i alle regionens kommunesentra som verkar attraktive for rekruttering av arbeidstakerar og utvikling av eksisterande og nytt næringsliv og næringskjeder.
- Utvikling av solid kompetansemiljø som kan representere spisskompetanse på respektive fagfelt til beste for heile regionen for å auke det økonomiske samspelet mellom næringsmiljøa.
- Styrke samarbeidet mellom offentlig og privat sektor i skjeringspunktet mellom lokale næringshagar og kommunal samfunnsutvikling og tenester.
- Auke regionens bustadsattraktivitet gjennom erfaringsutveksling der ein koplar ein attraktiv arbeidsmarknad med varierte bumiljø i heile regio

### Beskrivelse av aktivitetene fram til nå

Som eit ledd i å få solid kompetanse knytt til regionen, saman med å få godt samspel mellom næringsmiljøa, er det gjennomført ei utlysing for konsulentbistand. Prosjektet har sikra seg spisskompetanse og prioritert kapasitet fram til prosjektslutt i 2017.

- Ein har etablert prosjektorganisering som sikrer effektiv gjennomføring av konkrete tiltak, med forankring i både offentlig og privat sektor.
- Styringsgruppa har delteke på nasjonal samling ByR 2.-3. Februar 2016.02.11
- Prosjektleiar er presentert for nye folkevalde i kommunane (kommunestyra) om prosjektet
- Det er etablert planar for nye næringshagar på Dalen, Rauland og Seljord i 2015.
- Prosjektet er presentert i planforum hjå Fylkeskommunen
- Det er gjennomført tri rapportar knytt til arbeidspakkene:
  - Kartlegge dagens miljø og aktørar, og dei ulike arbeidsoppgåvene som må løysast av aktørane, byggselskap (eigar), driftselskap (dagleg drift) næringshageselskap (innhaldsselskapet) m/SWOT-analyse. Peke på svakheter og styrker med måten det er organisert på.
  - Kartlegging. Ein må mellom anna sjå på personalressursar i næringshagane, kva tilbud dei har, kva som kan styrkast og kva ein har godt dekt inn. Ein skal avdekke om der er dobbeltarbeid og om det er andre i statleg, fylkeskommunalt eller kommunalt miljø som jobbar dobbelt. Ein skal også undersøke om det er private aktørar som ein bør forholde seg til i vidare samarbeid mellom næringshagane.
  - Komparative fortrinn. Kartlegge fortrinna, spesialitetar og særtrekk til

næringsmiljøet i den enkelte kommune, korleis dette kan nyttast inn i arbeidet i dei ulike næringshagane, og skape felles forståing for samspelet i regionen. Rapportane er levert av tri ulike aktørar som er knytt til prosjektet. Meir informasjon ligg på <http://blogg.oledalen.no>

#### **Vurdering av framdriften i arbeidet i forhold til prosjektplanen**

Framdrifta på arbeidet går per dato etter planen.